



Det er ualminneleg dyrt å pendla med båt, påpeikar tre pendlarar frå Kvinnherad.

Då Kvinnherad-pendlarane Reidar Myklebust, Øyvind Lernes og Kjartan Pettersen i denne veka skreiv til formannskapet om justering av snøggbåtruta kom dei også inn på kostnadene

Dei gjentok kva dei har skreve tidlegare til fylkesadministrasjonen og fylkespolitikarane utan å få svar: Det er ualminnelig dyrt å pendla med båt samanlikna med andre kommunikasjonsmidlar.

Eit periodekort kostar 3.400 kroner og i tillegg kjem busstransporten i begge ender. Dette er så dyrt at dei fleste velger andre måtar å pendla på, held trioan fram.

Det er 300 som pendlar mellom Kvinnherad og Bergen. Hvis prisen på periodekorta vart redusert, trur dei tre pendlarane at fleire ville pendla med kollektivtilbodet. Dei ber difor om ein nedsetting av takstane.

Av Ola Matti Mathisen